Valle kommune
Gjestfri for nye tankar

# Notat

Til:
*Kriseleiinga*
*Compilo*

| Vår ref: | Sakshandsamar: | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|
| 2020/228-79 | Aud Sunniva Fuhr,<br>aud.sunniva.fuhr@valle.kommune.no | X26 | 21.06.2021 |

## REFERAT FRÅ MØTE I KRISELEIINGA 21.06.2021

| | |
|---|---|
| Møtestad: | TEAMS |
| Møtetidspunkt: | 21.06.2021 kl. 10.00 |
| Desse møtte: | Aud Sunniva Fuhr, Benedicte Severinsen, Solveig Kyrvestad, Torleif Homme og Gunn Marith Homme |

| Nr. | Sak | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1. | Status<br>Pr. dd. Er det ingen smitta i Valle kommune. VI har fleire som sit i innreisekarantene og 3 som sit i smittekarantene (eksponert utanfor Valle)<br><br>Det er svært viktig at alle følgjer smittevernreglane for å halde smitten nede. | | |
| 2. | Skule og utdanning<br><br>Skulen er avslutta for året, men er på grønt nivå<br>Barnehage også på grønt nivå. | | |
| 3. | Idretts, fritids- kultur og livssynsarrangement<br>Nasjonale føringar som gjeld.<br><br>https://www.helsenorge.no/koronavirus/oversikt-over-regler-og-anbefalinger/ | | |
| 4. | Sosial kontakt<br><br>Viser til nasjonale føringar. Ved sommaravslutningar er det leiar som gjer den vurderinga. | | |
| 5. | Reiser<br><br>Kommunalt tilsette skal avgrense reiseaktivitet i jobbsamanheng til det mest naudsynte. | | |

Postboks 4 | T 37 93 75 00 | Bank: 2890.20.60199 | Kommunenr: 4221 | www.valle.kommune.no
4746 Valle | E post@valle.kommune.no | Skatt: 6345.06.09406 | Org.nr: 964 966 575

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Vi gjer merksam på at ein ikkje bør legge planar for ferien som gjer at du ikkje kan møte på vaksinering når du blir kalla inn. Ei innkalling vil du få ca. ei veke før. Dersom ein ikkje kan møte blir ein sett bakerst i køen. Vaksineringa vil i fellesferien i regelen skje på torsdagar. **Det er svært viktig at alle møter til timen sin slik at ein unngår å måtte kaste doser.** | | |
| 6. | Heimekontor for kommunalt tilsette<br><br>Vi forset med same praksis som vi har hatt ut juli mnd. Frå august vert nye retningsliner tilpassa dei nasjonale føringane. | | |
| 7. | Neste møte vert 6. august. | | |
| 8. | Rapporteringar i ferien til statsforvaltaren mfl.<br><br>Rapporteringa vil bli utført som vanleg gjennom sommaren. | | |
| 9. | Valle kommune tilrår sterkt at alle innbyggarar og hytteeigarar set seg godt inn i dei nasjonale reglane og oppmodingane som no gjeld.<br><br>Desse finn du **HER**<br><br>Ved tvil er du velkomen til å ta kontakt med kommuneoverlegen på e-post: benedicte.severinsen@bykle.kommune.no | | |
| 10. | Vaksinering<br><br>Vaksinasjon er vegen ut av denne pandemien og vi er svært glade for at befolkninga viser stor interesse for vaksine.<br><br>I Valle har alle over 65 år, kritisk helsepersonell og personar i risikogruppene fått tilbod om første dose. Vi vaksinerer no personar mellom 55-64 år. Frå veke 25 starter vi på 45-54 år. Deretter vil personer som er 40-44 år bli vaksinert samtidig med dei som er 18-24 år. Til slutt vert personar i aldersgruppa 25-39 år vaksinert. Vi håper og trur at alle skal ha fått tilbod om vaksine innan utgangen av august.<br><br>Førebels blir det gjeve tilbod om vaksine ned til 18 år, men det blir vurdert av myndigheitene om alle over 12 år skal få tilbod om vaksina. Meir informasjon om dette følgjer når vi har det.<br><br>Vaksina er gratis. Slik retningslinjene er no, skal frisk befolkning under 65 år få andre dose 9 veker etter første. Du vil få innkalling til denne også.<br><br>Du vil få ein privat sms når det er din tur til å få vaksine. Ein må forvente at vaksinasjonen skal føregå gjennom sommaren og vi forventer store leveringar i juli. Det er difor svært viktig at ein ikkje lager planar for sommaren som ikkje kan flyttast ved behov. Det er primært torsdag som vil vere vaksinasjonsdag, men dersom vi får svært store leveransar, vil det òg kunne bli aktuelt å vaksinere andre dagar.<br><br>Vaksinasjonen føregår på Bykle samfunnshus. Dette gjeld både for dei som skal få andregongsvaksine og førstegongsvaksine. Innkallinga kjem ca ei veke før på SMS. Det er svært viktig at du | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | kontaktar legekontoret dersom du ikkje kan møta på oppsett tidspunkt eller at du ikkje ynskjer vaksine. | | |

Med helsing

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør